

Kommunen har handsama fleire saker frå Uskedalen i det siste og her er resultatet av 2 av dei:

* Kenneth Steinsletten, som no bur i Geilo, har fått rammeløyve for byggjing av einebustad med garasje i Ospelunden. Kvinnherad Bygg er ansvarleg søkjar og bruttoareal er 309 kvadratmeter. Byggjing kan ikkje setjast igang før det ligg føre igangsettjingsløyve.

* Brødrene Musland Maskin skal utvida området sitt på Børnes for byggjing av ein stålhall og kommunen har gjeve løyve til deling. Firmaet eig frå før 3,7 dekar og får no utvida med 2 dekar av kommunal grunn.

Hallen som skal nyttast til lager vil få ein grunnflate på 600 kvadratmeter og kommunens administrasjon har samtykka i at forvaltningsstyret kan gje løyve til oppføring.